

Skammerens datter (nynorsk)



Filmstudiearket på bokmål:

<http://www.filmweb.no/skolekino/incoming/article1220416.ece>

Filmen er tilgjengeleg med undertekstar både på nynorsk og bokmål, ta kontakt med kinoen din for meir informasjon.

INNHOLD

Handlingsreferat

Skuletilpassa, læreplanreferansar

Filmomtale

Oppgåvesamling (til for- og etterarbeid)

HANDLINGSREFERAT

Dina og familien hennar bur i fyrestedømmet Dunark, ei mellomaldersk fantasy-verd. Ho har arva ei særskild gáve frå mora; om ho ser eit menneske i auga, kan ho stire rett inn i sjela til den ho ser på, og avsløre løgner og kriminelle handlingar.

Ein dag blir mor til Dina tilkalla for å avhøyre kronprinsen Nicodemus, som er skulda for å ha drepe fleire av familiemedlemmene sine. Dinas mor blir fengsla då ho nektar å tvinge Nicodemus til å kome med ei tilstáing som ikkje er sann.

Dina prøver å løyse flokane, og ho får raskt ei kjensle av at ikkje alt er slik som fiendane til tronarvingen påstår. Den fremste av desse er den skruppellause Drakan, som hevdar retten til å overta makta i Dunark. Han er leiar av Drakeordenen, og har ei grotte full av drakar.

Med livet som innsats må Dina redde mor si, Nicodemus og heile befolkninga i Dunark frå Drakans blodige og maktsjuke ferd mot trona.

SKULETILPASSING, LÆREPLANREFERANSAR

* Klassetrinn: 6.–10. trinn

Skammerens datter får aldersgrense 11 år. Grunngjeving:

Filmen har ei mørk stemning og inneholder fleire trugande scener og valdshandlingar.

Filmen inneheld ein del mørke og skumle scener, ein får til dømes sjå svoltne drakar, blodpølar og rasande menneske. Men filmen er regissert som familieunderhaldning, fordi filmproduksjonsselskapet ser at det ville vere ukolkt å støtte frå seg den aldersgruppa som er primæraldersgruppa for bokserien.

* Relevant fag: samfunnssfag, norsk, naturfag og RLE

Det faglege arbeidet før og etter filmframrysninga av *Skammerens datter* vil kunne vere med på å nå fleire av kompetansemåla i læreplanen. Her er nokre eksempel:

SAMFUNNSFAG

Kompetansemål etter 7. og 10. årstrinn innan hovudtemaet *utforskaren*.

NATURFAG

Kompetansemål etter 7. og 10. årstrinn innan hovudtemaa *forskarpira og kropp og helse*.

RLE

Kompetansemål etter 7. og 10. årstrinn og vidaregåande innan hovudtemaet *filosofi og etikk*.

Filmstudieark

Forfatter: Per Olav Heimstad

Klassetrinn: [5. - 7. trinn, 8. - 9. trinn]

Fag: Naturfag , Samfunnssfag , Norsk , RLE-faget

Tema: Eventyr/fantasy, Helse og rus, Individ/gruppe, Konflikt/krig og menneskerettigheter, Litteratur på film, Nordisk, Oppvekst/familie, Vennskap/respekt

Fakta

Originaltittel: Skammerens datter

Regi: Kenneth Kainz

Roller: Jakob Oftebro, Allan Hyde, Søren Malling, Maria Bonnevie, Peter Plaugborg, Stina Ekblad, Roland Møller, Jakob Oftebro, Maria Bonnevie, Allan Hyde, Søren Malling, Laura Bro, Stina Ekblad, Jóhann G. Johannsson, Adam Ild Rohweder, Peter Plaugborg, Roland Møller, Esben Dalgaard Andersen, Olaf Johannessen, Austa Lea Jespersen

Manus: Anders Thomas Jensen

Genre: Action / Eventyr

Nasjonalitet: Danmark

Distribusjon: Nordisk Film

Distribusjon AS

Produksjonsår: 2015

Aldersgrense: 12 år

Filmplakat:



NORSK

Den skandinaviske språkforståinga i Norden er eit viktig grunnlag for felles identitet, vennskap og fellesskap i regionen. I samsvar med *Helsingforsavtalen* (1962) er kvart av dei nordiske landa forplikt til å sikre at det blir gitt undervisning om språk, kultur og samfunnsforhold i dei andre nordiske landa (art. 8). Dette har gjort at nabospråksundervisning er ein obligatorisk del av undervisninga i skulen, med kompetansemål etter 4., 7. og 10. trinn, og Vg2 og Vg3 i Læreplanen i norsk. (Sjå punkta under.)

I og med at skandinaviske barnefilmar og barne-tv no ofte blir dubba, får ikkje barna høve til å bli kjende med dansk og svensk uttale tidleg. Den danske talen i *Skammerens datter* vil kunne fungere som ein dørpnar og eit verktøy for å oppnå desse kompetansemåla. Gjennom å sjå skandinaviskspråkleg film får elevane eit utmerkt høve til å knekke danske og svenske uttalekodar, og spesielt om dei får kjennskap til nokre uttaleregular i forkant og får leike seg med nokre ord og setningar på dansk og svensk. Her er nokre konkrete kompetansemål henta frå læreplanen:

Kompetansemål etter 4. årstrinn: Mål for opplæringa er at eleven skal kunne
– forstå noko svensk og dansk tale.

Kompetansemål etter 7. årstrinn: Mål for opplæringa er at eleven skal kunne
– lese enkle tekstar på svensk og dansk og gjengi og kommentere innhaldet.

Kompetansemål etter 10. årstrinn: Mål for opplæringa er at eleven skal kunne
– lytte til, forstå og gjengi informasjon frå svensk og dansk.
– gjengi innhaldet og finne tema i eit utval tekstar på svensk og dansk.

Les meir på <http://www.udir.no/Lareplaner/>



FILMOMTALE

Skammerens datter er filmatiseringa av den første boka i den populære fantasybokserien om Dina, *Skammerens dotter*. Denne bestseljande serien er skriven av den danske forfattaren Lene Kaaberbol, og omsett til nynorsk av Øystein Rosse, gitt ut av Det Norske Samlaget. Boka er også tilgjengeleg på nynorsk som lydbok (Lydbokforlaget 2004).

Lene Kaaberbol har gitt ut ei lang rekke bøker, mange av dei med barn og ungdommar som primærmålgruppe. Femten år gammal gav ho ut dei første to bøkene sine! Sidan har ho motteke mange prisar, og bøkene hennar er omsette til meir enn tjue språk. Dei fleste av bøkene hennar har handling som går føre seg i ei mellomalderprega fantasy-verd.

Filmversjonen av *Skammerens dotter* er dansk, men med to norske skodespelarar i to av dei mest sentrale rollene. Jakob Oftebro spelar kronarvingen Nicodemus, og Maria Bonnevie spelar Melussina, Dinas mor.

Sjå filmtrailer her: <http://www.filmweb.no/trailere/article1208658.ece?clip=1>

OPPGÅVESAMLING (TIL FOR- OG ETTERARBEID)

Oppgåvene under kjem ikkje i ei bestemt rekkefølgje.

Dei ulike faglærarane kan sjølv velje mellom dei ulike oppgåvene for å få det fagutbyttet ein ønskjer. Merk: *Det er ikkje meininga at eleven skal arbeide med alle oppgåvene*. Kvar enkelt lærar må velje ut dei oppgåvene som vil høve best for eigne elevar og fag.

Kvar enkelt lærar må også, med utgangspunkt i eigen elevmasse, vurdere (og eventuelt korrigere) vanskegraden/formuleringane i dei ulike oppgåvene. Det er valfritt om elevane skal svare munnleg eller

skrifteleg på oppgåvene, og om dei skal arbeide individuelt eller i grupper. Mange av oppgåvene høver godt til klassediskusjon.

Fleire av spørsmåla/oppgåvene kan ein ikkje svare på gjennom å berre sjå filmen, ein treng også tilgang til internett og andre oppslagsverk. Langt ifrå alle spørsmåla vil ha klare fasitsvar.

Nokre av spørsmåla/oppgåvene tek utgangspunkt i viktige, men mindre synlege element i handlinga. Derfor bør det ikkje gå for lang tid mellom forarbeid, filmvisning og etterarbeid. Ver også merksam på at enkelte av oppgåvene vil røre handlinga. Dimed bør ein vente med enkelte spørsmål til filmvisninga er over.

1 :::

FØR FILMEN

A: Om klassen eller enkeltelevar har høve til det, les boka *Skammarenes dotter* (eller høyr lydbokversjonen) før filmvisninga. (Den danske originalutgåva er omsett frå dansk til nynorsk og er utgitt av Det Norske Samlaget. Lydbokforlaget har gitt ut nynorsk lydbokversjon.) I etterarbeidsoppgåvene (seksjon B) vil de finne ei gruppe spørsmål som er retta mot dei elevane som både har lese boka og sett filmen.

B: Bruk litt tid på å førebu elevane på kva slags film dei skal sjå. Les handlingsreferat, sjå filmtrailer, osv. Trailer: <http://www.filmweb.no/trailere/article1208658.ece?clip=1>

C: Kva er særmerkt for fantasylitteratur? Kva slags element kan ein rekne med å møte i slike forteljingar, anten det er bøker eller film? Lag ei liste saman i klassen.

D: Kva for andre fantasybøker og fantasyfilmar kjenner du/de til? Kvifor trur de at denne sjangeren er blitt så populær i underhaldningskulturen?

E: Kva vil det seie å skamme seg? Gi ulike eksemplar på kva eit menneske kan seie, gjere eller tenkje, som burde vere grunnar til å skamme seg.

F: Sjå på oppgåvene for etterarbeid i seksjon D under («SPRÅK / ORD / UTTRYKK»). Finn gjerne svar på nokre av dei åtte første spørsmåla i *forkant* av filmvisninga.



2 ::: ETTER FILMVISNINGA

A: REPETISJON

Sjå over førebuingssoppgåvene på nytt. Er det nokre av spørsmåla du kan gi nye eller meir utfyllande svar på no, etter å ha sett filmen?

B: SAMANLIKN MED BOKA

Denne seksjonen er for dei elevane/klassane som har lese boka (eller høyr lydboka) Skammarenes dotter, i forkant av filmvisninga.

1) Opningsscena i filmen er heilt annleis enn første kapittelet i boka. Filmen startar med at ei tenestejente oppdagar at fleire av dei kongelege er drepne. Boka begynner med at vi blir kjende med Dina heime i landsbyen hennar. Kvifor trur du at filmskaparane har gjort denne endringa?

2) Kva andre skilnader ser du mellom boka og filmen? Meiner du det er forbetingar frå bok til film, eller er filmversjonen blitt dårlegare? Grunngi svaret ditt.

3) I filmen er fangekjellaren i Dunark-borga konstruert annleis, ein treng ikkje gå gjennom drakekjellaren for å komme til og frå fangecellene. Kva synest du om denne endringa?

4) Kva for ein karakter i filmen meiner du skil seg mest frå boka, slik du oppfatta han/henne i boka? (For eksempel Drakan, våpenmeisteren, meister Maunus, Rosa eller Dinas mor.) Kven likner mest på karakterane slik du såg dei føre deg?

5) Har du lese andre bøker som er blitt filmatiserte? I så fall: Synest du at filmversjonen har vore betre eller dårlegare enn boka filmen var basert på? Grunngi svaret ditt.

C: KARAKTERANE

1) Beskriv Dina. Kva er hennar sterke og svake sider?

2) Dina er ei jente som ønskjer å gjere godt i verda. På kva måte *kunne* ho ha nytta skammekreftene til å gjere onde handlingar, om ho hadde bestemt seg for det?

3) Då Dina i starten av filmen blir sint på jenta Cilla, bruker ho kreftene sine på å setje Cilla på plass. Ein annan gong bruker ho kreftene sine slik at ein mann gir Dina og Rosa gratis brød. Argumenter for og imot om det var feil eller ikkje av Dina å bruke kreftene sine slik.

4) I starten av filmen forklarer Dinas mor korleis skammarevna er ei gave, sjølv om det kan verke som ei straff. Kva meiner ho med dette? Kunne *du* tenkt deg å ha Dinas evner om du hadde fått høve til det?

5) Beskriv Drakan. Heilt i starten av filmen framstår han som eit godt menneske. Når skjøner du at han er vondskapsfull, mordarisk og uærleg? Kva er det han seier og gjer som understrekar at han er *den slemme*?

6) Beskriv Nicodemus. Han er den eigentlege tronarvingen i Dunark. Kom med argument for og i mot at Nicodemus kunne ha eigna seg som fyrste i landet.

7) Vel ut ein av birollekarakterane i filmen, for eksempel Davin (Dinas storebror), våpenmeisteren, meister Maunus, Rosa eller dama Lizea (Drakans mor). Korleis trur du dei synest det er å bu i Dunark? Lag fem spørsmål du kunne ha tenkt deg å stille, om du kunne ha intervjuat ein av desse.

8) I slutten av filmen har Nicodemus eit høve til å drepe Drakan, og slik kunne han ha sett ein stoppar for Drakans vondsinna planar om å ta over riket. Kvifor gjer han det ikkje?

D: SPRÅK / ORD / UTTRYKK

1) *Skammerens datter* er ein dansk filmproduksjon, og all tale er dansk.

– Kor likt er dansk og norsk, både med tanke på talespråk og skriftspråk? Kan du kome med døme?

– Mange av likskapane mellom dansk og norsk språkkjem av at Noreg var i union med Danmark (1380–1814). Korleis har denne unionen påverka det norske språket?

– Kor mykje forstår du av dansk tale? Kor mykje av filmen trur du at du hadde skjønt om han ikkje var teksta på norsk?

– I kva for land kan du gjere deg forstått berre ved hjelp av norsk?

– Kom med døme på ulike språk som har mange ord som liknar på norske ord. Kva er årsaka til desse likskapane?

– Kva land består *Norden* av? Kom med døme på kva dei nordiske landa har til felles. Kom med døme på gode grunnar for å lære om dei andre nordiske landa.

2) Kva er ein *forræder*?

3) Kva er ein *forfar*?

4) Kva vil det seie å bli *landsforvist*?

5) Kva betyr det at ein person er *nådig*?

6) Kva legg ein i det å *sverge* på noko?

7) Kva vil det seie at ein son eller ei dotter er *uekte*?

8) Kva uttrykkjer eit menneske som *kneler* framfor eit anna menneske?

9) Dei fleste filmar har ei såkalla *tagline*, ein kort tekst som skal underbygge tittelen og handlinga i filmen, og som får han til å framstå som ekstra interessant. *Skammerens datters* tagline er (på dansk) "Sandheden er det skarpeste våben". Kva betyr dette? Kor godt synest du denne setninga fangar inn filmen? Grunngi svaret ditt.

E: DIVERSE

1) Finn informasjon om Lene Kaaberbøl, forfattaren som har skrive *Skammerens datter*. Skriv ein kort biografi om henne.

2) Inspirerte denne filmen deg til noko? Hadde han ein bodskap som påverka deg? Snakk saman i klassen. Kva kan ein lære av *Skammerens datter*?

3) Kjende du igjen nokre av filmskodespelarane? Bruk internett og finn ut om desse har spelt i filmar du har sett tidlegare, eller som du kunne ha tenkt deg å sjå.

4) Når Drakan skal informere innbyggjarane i Dunark, gjer han det gjennom oppslag rundt omkring på stolpar



og veggger. Jamfør måten informasjon blei spreidd på i gamle dagar, før den teknologiske tidsalderen, med dagens *informasjonssamfunn*. Diskuter fordelar og ulempar med det å leve i ei tid der ein kan bruke så mange ulike teknologiske hjelpemiddel, som det ein kan i Noreg i dag, for å oppnå kontakt med andre menneske.

5) I filmen høyrer vi om, og ser, ulike yrkesgrupper som ikkje er så vanlege lenger. I det minste har desse yrka *forandra seg mykje* i vår moderne tid. Døme: smed, alkymist, våpenmeister, bodbringar, riddar, huslærar, myntmakar. Kva for andre yrke i denne filmen såg du døme på? Beskriv skilnaden på og verdien av desse yrka i dag, samanlikna med i mellomalderen.

6) I tidlegare tider var det vanleg med offentlege avrettingar. Slik ein kan sjå i denne filmen, samla folk seg gjerne på bytorg og liknande for å oppleve avrettingane. Kvifor trur du at styresmakter i byar og land ønskte å vise fram offentleg at dømde menneske fekk straffa si?

F: GENERELLE FILMSTUDIESPØRSMÅL

1) Kor god synest du filmen var? Kva likte du og kva likte du ikkje?

2) Kva for følelsar gav filmopplevelinga deg? Gjorde nokre av scenene i filmen deg glad? Blei du nokon gong trist i løpet av handlinga? Flau? Sint? Kva fekk deg til å le? Gjorde noko deg redd? Reagerte andre i klassen på same måte som deg?

3) Kor godt synest du denne filmen passa for klassen din? Grunngi svaret ditt.

4) Gjenfortel handlinga i filmen med cirka femti ord.

5) Kva for verkemiddel har filmskaparane brukt for å få fram ulike stemningar? (Stikkord: klipp, musikk, tempo, farger, lys/skugge, m.m.)

6) Skriv ei melding om filmen. Fortel om kva du likte og kva du ikkje likte. Grunngi synspunktene dine.

Send gjerne tilbakemelding på dette filmstudiearket til poh@pohphoto.com. Takk!

Per Olav Heimstad (f. 1973) er adjunkt og har undervist i ungdomsskulen sidan 1999. Han driv også einmannsfirmaet POHphoto (pohphoto.com) der han mellom anna har arbeidd som fotograf, film-/musikkmeldar, teikneserieteiknar, forfattar og statist/smårolleskodespelar. Han bur i Åsgårdstrand saman med kone, to søner og mange filmteoribøker.

Norsk Filminstitutt

Adresse Oslo: Dronningens gate 16 0152 Oslo, +47 22 47 45 00

Adresse Bergen: Media City Bergen, Lars Hilles gate 30, 5008 Bergen